



Arkivsak 201006063-8
Arkivnr. 662
Saksh. Ørnholt, Ruth

Saksgang	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	15.05.2012
Fylkesutvalet	24.05.2012

HØYRING - ENDRINGAR I LOV OM FOLKEBIBLIOTEK

SAMANDRAG

Kulturdepartementet har sendt forslag til endring i lov om folkebibliotek på høyring, med høyringsfrist 8. juni. Forslaget er i hovudsak oppfølging av Bibliotekmeldinga, som ble lagt fram i 2009.

Endringa i føremålsparagrafen styrkjer folkebiblioteka sitt samfunnsoppdrag. Det reflekterer biblioteka sitt ansvar for formidling, i tillegg til funksjonen som fysisk og digital møteplass, og som arena for offentleg samtale og debatt.

Lovframlegget pålegg alle kommunar å gi innbyggjarane tilgang til eit godt bibliotektilbod. Tilbodet kan sikrast gjennom etablering av forpliktande samarbeid med nabokommunar.

Det blir lagt fram to alternativ til gjeldande pålegg om at alle kommunar skal ha fagutdanna biblioteksjef: Alternativ 1 er å behalde kompetansekravet til biblioteksjefen, men fjerne opninga for dispensasjon. Alternativ 2 er å fjerne kompetansekravet og fastsetje funksjonskrav i forskrift. Kulturdepartementet meiner at bibliotekfagleg kompetanse i folkebiblioteka er grunnleggjande for å sikre gode bibliotektenester, og går inn for alternativ 1.

Det er foreslått fleire endringar i lovens kapittel III om fylkesbibliotek. Fylkeskommunen blir friare til korleis ein vil organisere bibliotektenestene sine, men det er krav om bibliotekfagleg kompetanse på leiarnivå. Fylkeskommunen skal ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling. Dette omfattar m.a. å gi råd til lokale mynde, yte bibliotekfagleg rettleiing og assistanse, og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål.

Hordaland fylkeskommune har sidan den første fylkesdelplanen for bibliotek blei vedtatt i fylkestinget i 1994, vore ein regional utviklingsaktør på bibliotekfeltet. Fylkeskommunen arbeider i samspel med bibliotek og andre aktørar for å utvikle betre bibliotek i Hordaland med fokus på kompetanse- og tenesteutvikling og på å stimulere biblioteka til samarbeid på tvers av kommunegrensene. Høyringsnotatet og lovframlegget underbyggjer og forsterkar bibliotekpolitikken som har blir ført i Hordaland fylkeskommune gjennom fire fylkesdelplanar for bibliotek.

FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Fylkeskommune sluttar seg til forslag til endringar i biblioteklova.
2. Endringa i føremålsparagrafen styrkjer folkebiblioteka sitt samfunnsoppdrag. Det reflekterer biblioteka sitt ansvar for formidling, i tillegg til funksjonen som fysisk og digital møteplass, og som arena for offentleg samtale og debatt.
3. Bibliotekfagleg kompetanse i folkebiblioteka er grunnleggjande for å sikre gode bibliotektenester, og kommunane treng difor fagutdanna biblioteksjef. Fylkeskommunen støttar alternativ 1 i framlegget til endring i § 5.

Paul M. Nilsen
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkeskultursjef

Vedlegg: Høyringsnotatet frå departementet med forslag til ny lovtekst.
Lov om folkebibliotek

1. Innleiing

Kulturdepartementet la tysdag 13. mars fram forslag til endring i lov om folkebibliotek (nr 108 om folkebibliotek. Folkebiblioteklova). Forslaget er sendt på høyring, med høyringsfrist 8. juni.

Forslaget er i hovudsak oppfølging av St.meld.nr. 23 (2008-2009) Bibliotek - Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid (Bibliotekmeldinga), som ble vedtatt i Stortinget i 2009.

Bibliotekmeldinga viser til at det er behov for utvikling i biblioteksektoren mot meir robuste og omstillingsdyktige bibliotek, som kan tilby alle innbyggjarane betre bibliotektenester. Det blei varsla at Kulturdepartementet ville vurdere endringar i biblioteklova for å leggje til rette for ei slik utvikling, og forslaga til lovendringar som blir presentert i høyringsnotatet skal bidra til gjennomføring av politikken som er lagd fram i meldinga.

Fylkesutvalet handsama Bibliotekmeldinga i juni 2009 (sak 174/9) og gjorde slikt vedtak:

- 1. Fylkeskommunen vil spele ei rolle ved gjennomføring av ein nasjonal bibliotekpolitikk, samtidig må nye verkemiddel skape regional- og lokalpolitisk handlingsrom på bibliotekområdet.*
- 2. Det er positivt at bibliotek blir ein del av fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør. Oppgåver og ansvar som skal løysast på fylkeskommunalt nivå, må vere tydeleg definert ved ei eventuell endring av Biblioteklova. Det må sikrast at fylka har bibliotekfagleg kompetanse og verkemiddel.*
- 3. ABM-utvikling må reindyrkast som forvaltnings- og utviklingsorgan og Nasjonalbiblioteket må ha ansvar for operative oppgåver. Fleire utviklingsoppgåver kan løysast gjennom samarbeidsavtalar med fylkeskommunen, som også må ha ansvar for regional planlegging på området*

2. Forslag til endringar i lov om folkebibliotek

Kulturdepartementet ønskjer å gjere så små endringar som mogleg i lovteksten. Samtidig er det ei gjennomgåande lovteknisk oppdatering, slik at alle føresegner av friviljug karakter blir foreslått fjerna. Departementet understrekar at dette ikkje inneber at samarbeid eller tenester som er omtala i desse føresegnene ikkje bør gjennomførast eller bør opphøyre.

Justering av formålsparagrafen

§1 har stått uendra sidan 1985. I lovframlegget blir den justert slik at den også reflekterer biblioteka sitt ansvar for formidling, funksjon som møteplass og arena for offentleg samtale og debatt. Endringsframlegget er teknologinøytralt for å synleggjere at informasjon og kultur i alle format skal vere del av bibliotektenestene.

Endring av formålsparagraf understrekar folkebiblioteka si viktige rolle i lokalsamfunna. Det tidlegare nokså passive uttrykket ”stille bøker og anna eigna materiale gratis til disposisjon” er bytta med ”aktiv formidling”. Paragrafen tek høgde for både analoge og digitale tenester og formidling. Biblioteka si rolle for å oppfylle grunnloven sin paragraf 100 om at tilhøva skal leggjast til rette for ein open og opplyst offentleg samtale, blir ein lovfesta del av folkebiblioteka sitt føremål. Endringane i lovteksten er med på å styrke folkebiblioteka sitt samfunnsoppdrag.

Organisering og drift av bibliotektenester

§4 slår fast at alle kommunar skal ha eit folkebibliotek. Lovframlegget opnar framleis for at tilbodet kan sikrast gjennom etablering av forpliktande samarbeid på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Sjølv om kommunen står fritt til å organisere bibliotektenestene sine, så er intensjonen at kommunen ikkje kan organisere seg bort frå ansvaret for å gi innbyggjarane eit godt bibliotektilbod.

Eit av hovudmåla for bibliotekpolitikken i Hordaland fylkeskommune, slik den er vedteken i dei to siste fylkesdelplanane for bibliotek (2002-2005 og 2005-2007), har vore å etablere forpliktande biblioteksamarbeid for å gi grobotn for betre bibliotektenester i kommunane. Også den noverande biblioteklova legg til rette for alternative samarbeidsformer, og i Hordaland er 30 kommunar involvert i regionale samarbeid. Lovframlegget og høyringsnotatet underbyggjer og forsterkar denne politikken.

Kompetansekravet i folkebiblioteklova

§ 5 i gjeldande lov slår fast at alle kommunar skal ha fagutdanna biblioteksjef i følgje kvalifikasjonskrav fastsett i forskrift. Dersom kommunen ikkje får fagutdanna søkjar til utlyst biblioteksjefstilling, er det mogleg å få dispensasjon etter nærmare reglar.

Høyringsbrevet understrekar at det framleis er svært viktig å ha fagkompetente biblioteksjefar. Med grunngiving i oppgåvefordelingsmeldinga (St.meld. nr 31 (2000-2001)) og prinsippa om å gi kommunane størst mogleg fleksibilitet med omsyn organisering av tenester, blir det likevel lagt fram to alternativ i vidare utvikling av kompetansekravet i folkebiblioteklova.

Alternativ 1: Behalde kompetansekravet til biblioteksjefen, men fjerne dispensasjon der kommunen ikkje får kvalifisert fagutdanna søkjar. Fastsetje forskrift om kvalifikasjonskrav.

Alternativ 2: Fjerne kompetansekravet og fastsetje funksjonskrav i forskrift.

Alternativ 1 skjerpar kompetansekravet ved at kommunen ikkje kan få dispensasjon, dersom ein ikkje får fagutdanna søkjar. Departementet ønskjer å oppnå ei meir offensiv haldning i kommunane med lovendringa. Dersom det ved utlysing ikkje melder seg kvalifisert søkjar, må kommunen finne alternative løysingar, t.d. driftssamarbeid med nabokommunar.

Alternativ 2 fjernar lovkravet til bibliotekfagleg kompetanse knytt til biblioteksjefen og overlet til kommunen å ta ansvar for å yte gode bibliotektenester til sine innbyggjarar. Funksjonskrav vil setje krav til resultat og inneber eit større ansvar for kommunen til sjølv å finne gode løysingar og leggje til rette for å tilsetje gode søkjarar, som ikkje nødvendigvis har bibliotekfagleg utdanning.

Departementet meiner i høyringsbrevet at bibliotekfagleg kompetanse i folkebiblioteka er grunnleggjande for å sikre gode bibliotektenester, og anbefaler alternativ 1.

I Hordaland auka talet på fagutdanna biblioteksjefar frå 1985, men sidan 1994 har det vore om lag 21 kommunar med fagutdanna biblioteksjef. Det er grunn til å tru at lova har vore medverkande til aukinga - og det stabile talet. Noko av grunnen til at lovkravet ikkje har ført til full dekning, er at det er vanskeleg å få fagutdanna søkjarar til deltidsstillingar i små kommunar. Det er 12 kommunar, med eitt årsverk eller mindre i biblioteket, som har problem med å oppfylle lovkravet.

Fylkesbiblioteket er ofte rådgivar for kommunar i dispensasjonssaker, og har lagt til rette for at biblioteksjefar utan utdanning har fått auka kompetanse og deltaking i praksisfellesskap og samarbeid med nabokommunar.

Ved begge alternativa vil fylkeskommunen få oppgåver i høve til kommunar som ikkje får tak i fagutdanna biblioteksjef. Ved alternativ 1 bør arbeidet med forpliktande biblioteksamarbeid mellom kommunane styrkjast, eller kommunane må motiverast til å utlyse heile stillingar ved at dei t.d. aukar innsatsen for skulebiblioteka. Ved alternativ 2 bør fylkeskommunen gå inn med rettleiing for å auke den bibliotekfaglege kompetansen til den som blir tilsett.

Profesjonsutdanninga som bibliotekar er den viktigaste faktoren for å tilby kvalitetsmessig, gode bibliotektenester som vil oppfylle bibliotekloven sin føremålsparagraf. Til samanlikning har både Danmark og Finland krav til kompetanse knytt til folkebibliotek.

Eg støttar Kulturdepartementet i at det er viktig å halde på kompetansekravet knytt til biblioteksjefar og er einig i ei styrking av krav til bibliotekfagleg kompetanse for biblioteksjefar i kommunane i Lov om folkebibliotek, og rår difor for alternativ 1.

Fylkesbibliotek

Gjeldande lov § 2 slår fast at fylkeskommunen har ansvar for fylkesbibliotek, og i kapittel III er det lovfesta korleis fylkeskommunen skal organisere eit fylkesbibliotek og kva oppgåver som skal utførast. Arbeidsoppgåvene som er spesifisert i lova, omfattar i hovudsak organisering av fjernlån, lånesamarbeid og rådgivingstenester for folkebibliotek.

ABM-meldinga (St.meld.nr. 22 (1999-2000)) tok til orde for å gi fylkeskommunane større fridom med omsyn til å organisere bibliotektenestene sine. Bibliotekmeldinga følgde opp med å seie at ein i lovverket måtte legge vekt på å definere dei oppgåvene som skal løysast på fylkeskommunalt nivå, og ikkje kva institusjon som skal løysa dei. Oppgåvene burde knytast til fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør

Høyringsbrevet understrekar at det regionale mellomleddet er viktig for å få til ei god forankring av den statlege bibliotekpolitikken. Det viser til at fylkeskommunale bibliotekplanar gir samanhengande mål og innsatsområde for den samla bibliotekverksemda i både fylkeskommune, region og kommunar. Fylkesbiblioteka kan sjå statleg politikk i samheng med kommunale vedtak og dei reelle tilhøva i kommunen, slik at ein får ein meir smidig utvikling av sektoren. Fylkesbiblioteka bør i tillegg ha ei sentral rolle når det gjeld å bygge opp nettverk og kompetanse.

Lovframlegget stiller krav om kva oppgåver som skal løysast på fylkeskommunalt nivå, men fjernar kravet om at kvart fylke skal ha eit fylkesbibliotek. Fylkeskommunen må sjølv ta stilling til kva som er den beste organisatoriske løysinga. For at fylkeskommunen skal kunne yte god, relevant rettleiing både til kommunane og til folke- og skulebibliotek, må fylkeskommunen ha bibliotekfagleg kompetanse på leiarnivå.

Føresegner i lova som har frivillig karakter blir foreslått fjerna, t.d. at fylkesbiblioteket kan drive direkte utlån frå bokbuss/bokbåt. Dette inneberer ikkje nødvendigvis ei innhaldsmessig endring, då fylkeskommunen sjølv sagt framleis kan utføre slike tenester. I den nye formuleringa om at fylkeskommunen skal ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling, ligg at fylkesbiblioteket framleis bør ta ansvar for lånesamarbeid og koordinering av transportordning.

Framlegg til endringar i folkebibliotekloven kap. III om fylkesbibliotek:

- Folkebiblioteklova §8 blir endra slik at pålegg om å ha eige fylkesbibliotek blir fjerna.
- Fylkeskommunen sine bibliotekoppgåver blir knytt til rettleiing og utvikling, samt regionale bibliotekoppgåver (som lånesamarbeid og bokbuss/bokbåt).
- Fylkeskommunen skal ha bibliotekfaglig kompetanse på leiarnivå.
- Folkebiblioteklova §9 første ledd, om plikta til å ivareta fjernlånsverksemda i fylket, og om felles plan for anskaffing og oppbevaring av litteratur blir foreslått fjerna.
- Folkebiblioteklova §9 andre ledd, om at fylkesbiblioteket kan drive direkte utlån frå bokbuss/bokbåt, blir fjerna.
- Folkebiblioteklova §11 blir endra ved å fjerne formulering om at fylkeskommunen skal gi uttale vedrørende fordeling av statlege midlar.
- Folkebiblioteklova §10 andre ledd, om samarbeid mellom fylkesbibliotek og fylkeskommunen si skoleleiing og om avtaler med statlege skolemynde, blir foreslått fjerna.

3. Samandrag/konklusjon

Forslaget til endringar i føremålsparagrafen i biblioteklova styrkjer folkebiblioteka sitt samfunnsoppdrag. Det reflekterer biblioteka sitt ansvar for formidling, i tillegg til funksjonen som fysisk og digital møteplass, og som arena for offentleg samtale og debatt.

Lovframlegget pålegg alle kommunar å gi innbyggjarane tilgang til eit godt bibliotektilbod. Tilbodet kan sikrast gjennom etablering av forpliktande samarbeid med nabokommunar.

I følge biblioteklova skal alle kommunar ha fagutdanna biblioteksjef. Dersom ein ikkje får fagutdanna søkjar til utlyst stilling, kan kommunen få dispensasjon etter fastsette reglar. Det blir lagt fram to alternativ til dette i lovframlegget: Alternativ 1 er å behalde kompetansekravet til biblioteksjefen, men fjerne opninga for dispensasjon. Alternativ 2 er å fjerne kompetansekravet og fastsetje funksjonskrav i forskrift. Kulturdepartementet meiner at bibliotekfagleg kompetanse i folkebiblioteka er grunnleggjande for å sikre gode bibliotektenester, og går inn for alternativ 1.

Det er foreslått fleire endringar i lovens kapittel III om fylkesbibliotek. Fylkeskommunen blir friare til korleis ein ønskjer å organisere bibliotektenestene sine, men det er krav om bibliotekfagleg kompetanse på leiarnivå. Fylkeskommunen skal ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling. Dette omfattar m.a. å gi råd til lokale mynde, yte bibliotekfagleg rettleiing og assistanse, og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål.

Hordaland fylkeskommune har sidan den første fylkesdelplanen for bibliotek blei vedtatt i fylkestinget i 1994, vore ein regional utviklingsaktør på bibliotekfeltet. Fylkeskommunen arbeider i samspel med bibliotek og andre aktørar for å utvikle betre bibliotek i Hordaland. Vi har fokus på kompetanse- og tenesteutvikling og på å stimulere bibliotek til samarbeid på tvers av kommunegrensene. Høyringsnotatet og lovframlegget underbyggjer og forsterkar bibliotekpolitikken som har blir ført i Hordaland fylkeskommune gjennom fire fylkesdelplanar for bibliotek.